

Lekseplan 4B – Veke 2

	Skulen si heimeside: www.minskole.no/sagstad Tlf til skulen: 55 17 13 00
	Klassekontaktar: Ingvild Førde Flatøy tlf. 950 65 232 ingvildflatoy@gmail.com Silje Beate Fitje tlf. 928 46 460 fitje1982@hotmail.com FAU: Christine Martin tlf 976 08 471 chrispinus@gmail.com Vara: Torbjørn Langeland tlf 906 17 558 torbjorn.langeland@gmail.com

GODT NYTT ÅR!

Det har vore kjekt å treffe elevane igjen i det nye året!

FLYTE SKAL HA SYMJING DENNE TYSDAGEN! Det er Sarah Ø, Hanna Olivia, Julie, Vårin, Ulrik, Håkon, Even og David.

Forslingsprosjekt i matematikk

I veke 2 startar vi ein periode med forskingsprosjekt i matematikk. Andreas kjem til å vere med i klassen måndagar og torsdagar i 1. og 2. time. Fire elevar blir filma. (Foreldra til desse har fått beskjed.) I tillegg kjem alle i klassen til å bruke Creaza til å lese inn forklaringane på korleis dei tenkjer når dei løyser oppgåvene. Andreas får berre tilgang til lydopptak av dei elevane som har levert samtykke til filming. Elevar som ikkje ønskjer å lese inn, kan skrive forklaringa i matteboka i staden.

I forskingsprosjektet jobbar vi med figurmønster, noko som hjelper elevane til å utvikle «algebraisk tenking» som igjen gir eit godt grunnlag for den typen matematikkforståing som er viktig å ha med seg til mellomtrinnet. I tillegg skal vi halde fram med å ha fokus på grunnleggjande rekneferdigheiter. Elevane får velje reknestykke dei skal lære utanåt. Å telje på fingrane kan vere eit godt hjelpemiddel, men det tar for mykje tid og krefter dersom ein må gjere det heile tida. Å automatisere grunnleggjande pluss- og minusstykkje, samt multiplikasjonstabellen, er viktig for å få frigjort tankane til å løyse problem.

Ta med drikkeflaske kvar dag

Skulen har ikkje pappkrus til utdeling.

Ta med innesko og BRUK DEI

Det er kliss vått i gangane for tida, så viss du går på sokkelesten inne, blir du våt.

Og viss du går på sokkelesten inne, må du gå ut på sokkelesten viss det er brannalarm.

DETTE JOBBAR VI MED:

NORSK:	<ul style="list-style-type: none">- Adjektiv, og å bruke dei til å skrive spennande- Leseteknikk: dele opp lange ord- Leseforståing: leite etter svaret «mellom linjene»
MATTE:	<ul style="list-style-type: none">- Figurmønster (grunnlag for algebraisk tenking)- Automatisering av reknestykke som er viktig å kunne (individuell tilpassa)
ENGELSK:	<ul style="list-style-type: none">- Kunne invitere andre med i leik, og svare fint når andre spør- Kunne fortelje om ulike leikar, skriftleg og munnleg
SOSIALT:	<ul style="list-style-type: none">- Eg jobbar med det eg skal.- Eg følger snø-reglane.

LEKSER

	til tysdag	til onsdag	til torsdag	til fredag
Hugs:	<p>SYMJING: Flyte Hugs: badebukse/ badedrakt, handklede og såpe</p> <p>GYM: Stupe og Dykke Hugs: gymtøy, gymsko, handklede og såpe</p>			
Lesing		<p>Kaleido lesebok Les side 82 og 83. Svar munnleg på spørsmåla nedst i teksten.</p> <p>Norsk Leksebok Skriv svar på spørsmål 5 på begge sidene (finn adjektiv).</p>	<p>Kaleido lesebok Les side 84. Øv på å lese med innleving.</p>	<p>Kaleido lesebok Les side 88 - 89. Øv på å lese med innleving.</p>
Rekning	<p>TIL TYSDAG ELLER ONSDAG Multi Øvebok Gjer side 36. Teikn i ruta korleis du tenkjer.</p>		<p>Øv på dei reknestykka du vel. Du skal kunne skrive dei utanåt på 1-2 minutt!</p>	
Engelsk	<p>Link Textbook Read p. 50-51. Les alt, men gutane øver ekstra godt på Aryan og jentene på Thea.</p>		<p>Øv på å skrive øvesetningane riktig på engelsk når du les eller høyrer dei på norsk.</p>	
Øveord engelsk	<p style="text-align: center;">What do you want to play? I'd like to play hide and seek. (Kva vil du leike? Eg har lyst til å leike gøymsele.)</p>			
Øveord norsk	<p style="text-align: center;">adjektiv – skummel – skugge – himmel – djup – spennande Kva for øveord er adjektiv?</p>			
Øving matte	<p style="text-align: center;">Vel ei av rutene. Vel ei rute med reknestykke du ikkje kan frå før. Øv så godt på desse at du kan skrive dei ned på 1 – 2 minutt.</p>			
	<p>6+6=12 7+7=14 8+8=16 9+9=18</p>	<p>4 · 4 = 16 5 · 5 = 25 6 · 6 = 36 7 · 7 = 49</p>	<p>6 · 6 = 36 7 · 6 = 42 8 · 6 = 48 8 · 7 = 56</p>	<p>Eigne forslag</p>